



Lindås kommune
Rådhuset

Knarvik, 27. mai 2014

Knarvik kyrkje - Søknad om tilleggsøyving

Lindås kyrkjelege fellestråd viser til positivt og konstruktivt møte med innlagt synfaring med ordførar, varaordførar, gruppeleiarar og representantar frå kommunestyret i Lindås måndag 26. mai 2014. I møtet vart fellestrådet oppfordra til å sende søknad om tilleggsøyving til kyrkja, og den ligg med dette føre.

Økonomisk status

I møtet vart status for kyrkja i Knarvik presentert av leiar for byggenemnda, Helge Tangen. Han presenterte oppdaterte tal for dei delane av prosjektet som pr dato har usikker finansiering (von om gåver og innsamla midlar), eller som heilt manglar slik finansiering. Desse siste postane gjeld i første rekkje dei delane av kyrkjebygget som vart tatt ut då bygginga vart starta; underetasjen og delar av uteområdet. Hovudbodskapen frå Tangen var at kyrkja vil stå klår til bruk 1. sundag i advent 2014, om naudsynt med nokre praktiske tilpassingar på dei områda der ønskeleg løysing ikkje er på plass.

Jarle Hodnekvam frå Finansgruppa for Knarvik kyrkje orienterte om denne gruppa sitt arbeid retta mot verksemder i Lindås. Totalt har gruppa, soknerådet og andre samla inn vel 6.7 mill kroner. Desse midlane har finansiert kyrkjeklokkar og orgel, men det er ikkje til å kome frå at dette arbeidet har vore meir krevjande enn ein hadde håpet.

Særskilte punkt

Tangen peikte på at fellestrådet fatta eit vedtak hausten 2012 om å tilbakeføre ein tilrådd reduksjon av arealet i kyrkja ved å redusere reservane med 1.6 mill kroner. Her har fellestrådet tilført prosjektet 0.5 mill i 2014, men her står altså 1.1 mill att.

Tangen peikte og på at orgelgåva hadde ført med seg at ein måtte gjere ferdig golvet i underetasjen med komplett isolasjon og varme. Dette var opphavleg trekt ut som ein del av underetasjen, og kostnaden med dette; innpå 1 mill kroner måtte derfor finansierast ved innsamla midlar.

Vidare vart det peikt på at byggenemnda av omsyn til akustikken i kyrkjerommet hadde valt å gje overflatane i tak og veggjar eitt ekstra lag gips, samt at avstand mellom festepunkt for gips og panel vart redusert frå 60 til 30 cm. For å finansiere dette har ein førebels trekt ut det kjøkenet som skal kome i hovudetasjen.

Byggjenemnda har også valt å prioritere nokre støttemurer rundt kyrkja. For å finansiere dette har ein trekt ut asfalt på interne vegar og parkeringsplassen. Denne blir erstatta av nøttegrus.

Kva står att?

1. I sjølve kyrkjerommet har byggjenemnda i førre veke fått pris på liturgiske møblar samt den delen av albertavla som ikkje har vore klar så langt. Dette vil i sum utgjere ca NOK 400.000.
2. Stolar og bord til kyrkjerommet bør tingast frå produsent før ferien. Her er soknerådet i ferd med å starte ein innsamlingsaksjon, men resultatet av denne er ikkje sikkert. Stolar og bord til 530 menneske i kyrkjerommet vil koste NOK 1.5 mill
3. Mellom sjølve kyrkjerommet og det som vert nemnt som kyrkjetorget skal det vere ein faldevegg i glas. Denne kan vente, men vil då medføre redusert bruk av kyrkjetorget om det samstundes skjer noko i kyrkjerommet. Pris for denne er NOK 350.000
4. Det er henta inn priser for lyd og bilete i kyrkjerom og kyrkjetorg, dette vil koste NOK 350.000
5. Hovudentreprenør 7FJELL as har levert pris for ferdigstilling av underetasjen utført som totalentreprise med dei entreprenørane som i dag er engasjert i kyrkja. Pris for dette er NOK 6.1 mill, men ei føresetnad for denne prisen er at dette arbeidet kan bli utført som ein naturleg forlenging av det arbeidet som no gjerast på kyrkja.
6. Som nemnd over står nokre postar att i samband med utearealet som ein gjerne skulle hatt på plass. Dette er poster som asfalt, skilting, samt rekkverk /gjerder på ulike stader. Dette er stipulert til NOK 450.000

Lindås kyrkjelege fellesråd vil med dette fremje søknad til Lindås kommune om tilleggsløyving på inntil NOK 9.15 mill for ferdiggjering av Knarvik kyrkje som vist over. Fellesrådet vil streke under at tilleggsløyving til ferdiggjering av deler av det søknaden omfattar også vil bli helsa med stor glede.

For Lindås kyrkjelege fellesråd



Torgeir Paulsen
kyrkjeverje

Vedlegg: Taloppsett

Søknad om tilleggslyyving til Knarvik kyrkje, talunderlag

<i>Delsum 1</i>	<i>Sum liturgiske element</i>	400 000	Stålkonstruksjon altertavle, alter, døypefont m.m.
<i>Delsum 2</i>	<i>Stolar og bord</i>	1 500 000	
<i>Delsum 3</i>	<i>Foldedør, Lyd og bilete</i>	700 000	
Sumnivå A	Sum kyrkjerom	2 600 000	sjå delsummar
Sumnivå B	Sum sokkeletasje	6 100 000	jfr. Tilbod frå 7Fjell
Sumnivå C	Sum uteområde	450 000	skilting, asfalt(?), rekkverk trappe(?),

TOTALSUM **9 150 000**



Vedlegg til søknad frå Lindås kyrkjelege fellestråd